

Han

I blant dei hugar os vil regjera
Me hava den, me vil saman væra
Aa alle hugar dei krev aa treng
So ein maa vita, kva leid det gjeng.

Ho

Kjem me isaman for godt aa læra
Av Gud aa meneskje aa vil væra
So gild ein ungdom som dar er raa
For noko meneskje til aa naa.

Han

Du seigjer at du vil gilde verta
Men gløym no ikkje ditt anna hjarta
Aa alla tankar so krydsar dar.
De vandska um du gjeng alle klar.

Ho

At eg vil verta ei gilde jenta,
De er kje meir enn so mange venta.
Sandt er mit hjarta eit *ormareid*
Med tusund tankar i kvar dan leid.

Han

Dei skrika paa ein skal bære røma
Fraa spel aa dans aa rusdrykk fordøma
Alt ?ore verdi hev balt seg til
Aa spreidar kringum baa veg aa gjel.

Ho

Aa røma fraa det me godt kan gjera
men *onkvarstad* lyt ein bu aa væra
Vort arma hjarta me med oss ha
Aa verdsleg *dyrknad* er allesta.

Han

Aa sjaa me paa korleis Jesus vandra
So sjaa me aa kor dei paa han klandra
Folk samlast um han, aa tungt han graat
Han *saardest* yver kor folk for aat.

Ho

Men Jesus han so ei hadde synda
Med større kraft kunde han forkynda.
Den naade som gjeve *evleg* sol.
Upp paa ein kross stakk ein han ihel.

Han

Dei lærde store i kjolar lange
Hev øydt og drepe so altfor mange
I kyrkjesoga er gru aa sjaa
Kor ein hev myrda dei herrens smaa.

Ho

Der hev me hjartor med stygge ormar
Som rasar vilt i dei mange formar.
Som vil ha magti, aaleina raa
Aa føya hjarta i al sinn traa.

Han

Kan noko grovar paa jordi henda
Ein hata Guds folk baa slaa aa skjenda.
Da er forvilla slikt hjartelag,
Men sjaa da gjerer den dag idag.

Ho

Ja kross og stjernor dei paa deg hengjer
Naar du paa storleik aa galskaps vengjer
Høgg etter *lambi* med kvasse klo
Dei saara sjeli aa skremme blo.

Han

Aa hata syndi, Guds vilje gjera
Da er dei krossor Guds borni bære.
Aa alle saari med liding svær
Da er dei stjernor Guds borni bær.

Ho

Dei krossar, stjernor, som glor aa singla
Paa digre herrar, kring halsen dingla
Ja er dei vundne for herrens sak
So hev dei med seg Guds velbehag.

Han

Ja Adamsslegti vart store kara
Den stygge satan han inkje spara
Aa lura slegti aa falla fraa
Den same dagen han sjølv fall fraa.

Ho

Eg synes alle folk bala, stræva
Aa alt gjeng ut paa, ein *glupt* vil leva.
Aa hjarta kviskra, ein vert kje nøgd
For enn ein kjeme paa *tabors høgd*.

Han

Vor frelsar aa vart til Tabor dregen
Aa satan tenkte no vert han fegen
Naar verdens rikdomar han faar sjaa
Aa endaa meir naar han dei skal faa.

Ho

Ja verdens rikdom hev mange daara,
Folk sjaa i rikdomar ingjen faara
Da arma hjarta da gler seg til
For pengar faar ein no kva ein vil.

Han

Ja kjære syster her vertkkje anna
Sjaa synd aa freisting i alt seg blanna
Kvar *hjartehug* ein maa vara paa
So kamp aa strid, vil ein allti faa.

Ho

Ja alle Guds folk maa sanning læra
Til kamp aa strid maa dei budde være
Baa læk aa lærd baate ring aa rik
Av likasæla den vonde lik.